

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.03.2016

I samband med RS 15/2016 *Riksantikvaren ber om satsing på fredningsarbeidet* etterspurde **Siri Klokkerstuen** kva status er på lista over fredingssaker i Hordaland. Kst. fylkesdirektør kultur og idrett svarte at lista og framdriftsplan vil bli lagt fram som RS sak for utvalet på neste møte. **Sigurd Framnes** spurde om ikkje denne lista burde vore lagt fram for politisk behandling. Kst. fylkesdirektør kultur og idrett svarte at kvar enkelt fredingssak vil bli lagt fram i kommunane og for utvalet for politisk behandling.

I samband med RS 16/2016 *Statsbudsjettet for 2016: Vedr. overføring av festivaler til Kulturfondet* spurde **Siri Klokkerstuen** kva festivalar i Hordaland det gjeld og kva konsekvensar det får. Utviklingsjef kust og kulturformidling Ronny Skaar informerte om at dette i Hordaland berre gjeld Festspillene i Bergen. Konsekvensen er at Hordaland fylkeskommune ikkje lengre har ein avtale om finansiering med Kulturdepartementet og Bergen kommune, men at ein avventar ei avklaring på dette spørsmålet med Norsk kulturråd.

I samband med RS 19/2016 *Fritak for eiendomsskatt for bygninger med historisk verdi* spurde **May Eva Sandvik** om kor mange som søker om fritak. Kst. fylkesdirektør kultur og idrett svarte at innføring av eigedomsskatt ligg inn under det kommunale sjølvstyre og difor er det kommunane som kan gje fritak. Fylkeskommunen vil kunne utarbeide ein oversikt over kva kommunar som har ordninga, kven som har fått fritak og kva konsekvensar dette har for bevaring av bygningar med historisk verdi.